



## Voss herad og FN sine berekraftsmål

**Kartlegging av aktivitet i Voss herad som bidreg til å nå FN sine berekraftsmål**

### Attraktive Voss



Kunst og kultur, særleg bibliotek, kulturskule og ungdomsarbeid er grunnleggjande tenester i heradet. Bibliotek og ungdomsklubb er gratis og tilgjengeleg for alle. Me har lokalar tilgjengeleg for lag og foreiningar.. Kulturhuset og kino legg grunnlag for eit godt kulturtildel for innbyggjarane. (11.1)

Skular og barnehagar har fleire prosjekt som bidreg til å styrka innsatsen for å vera om kultur- og naturarven i heradet: «Inn på garden», «vårt lokalsamfunn – Bergslitreet» og bruk av den kulturelle skulesekken. (11.2)

Me har kulturminneplanar og vedtak om revisjon. Me er medstiftar i Hardanger og Voss museum.

Det finst relevant planverk for verdsarven, forvaltningsplan Nærøyfjorden og Restaureringsplan for vestnorsk fjordlandskap. Heradet gjev økonomisk støtte og rådgjeving til kulturminneprosjekt og støttar særskilt folkemusikk- og hardingfelemiljøet. Me har ei god lokalhistorisk boksamling. Heradet har registrert all kunst i kommunalt eige (NKDB). Lokal læreplan i lokalt kulturstoff er utarbeida i «Heimbygda mi». I all planlegging vil dette vera eit av fleire aktuelle tema. Landbruk og næring er viktige aktørar i dette arbeidet. (11.4)

ROS: Overordna lovverk: Sivilbeskyttelsesloven, forskrift om kommunalberedskapsplikt og beredskapsprinsippa. Det vert utarbeida risiko og sårbarheitsanalyser (ROS) på ulike nivå. Kommunen lagar analysar som og viser til usikkerheit og sårbarheit i vurderinga av risiko. Det er direktoratet sin vugleiar for utarbeiding av kommunal ROS som ligg i botn for dette arbeidet. På bakgrunn av ROS analyser vert aktuelle førebyggjande og risikoreduserande tiltak vurdert. (11.5)

Overordna beredskapsplan (unntatt offentlegheita) er revidert til kommunesamanslåinga. Fokuset er vridd meir mot proaktiv stabsmetodikk, bruk av tiltakskort og digitale verktøy (CIM og lokasjonsbasert varsling). Arbeidet med ny overordna VossaROS skal vera ferdig i 2021. (11.5)

Beredskapsprinsippa: ansvar, likskap, nærliek og samvirkeprinsippet er viktige for godt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Voss herad har særleg fokus på samvirke framover. Kommunen sitt beredskapsråd vart restarta våren 2020. Utover nært samvirke med medlem i beredskapsrådet legg kommunen til rette for samarbeid med andre kommunar og frivillige organisasjonar. (11.5)



All planlegging har fokus på å redusera negative konsekvensane for miljø og helse. Vidare vil all vår eigen bygging vurdera verknader på støy og avfallshandtering. Fossile bilar vert skifta med el-bilar så langt det er mogleg. Me har i mange år nytta grunnvarme til oppvarming i alle nye bygg. Prosjekt og utviklingsavdeling vil arbeida for god berekraft i alle prosjekt gjennom sambruk, kvalitet, gjenbruk osb. Det er over fleire år gitt tilskot til ulike tiltak som vil redusere klimagassutsleppa i kommunen, dvs. tilskot til fjerning av gamle olje- og vedovnar, tilskot til reperasjon (vårsjekk) av sykkel, tilskot til kjøp av El- syklar. Vidare er fossilbilar bytte inn med EL- bilar og det er montert ladalarar på tinghuset og ulike institusjonar. (11.6)

Voss har store friområde tett på sentrum. Desse må me verna om i all planlegging og utbygging og gjera dei lett tilgjengelege. Sentrumsplanen har dette tema sentralt og legg opp til gode offentlege rom me universell utforming. Kommunen har opparbeida over 20 ulike friluftsområde. Ein sti – og løypeplan er utarbeida og prioriterer kva område og tiltak som bør prioriterast framover. Det er satt i gang arbeid med å etablere dagsturhytter og vidareutvikla aktivitetsparken på Prestegardslandet. Kommunen har universielt utforma kulturhus. (11.7)

Tiltak som bokbuss, lokale kulturbrygg, støtte av ulike desentraliserte kulturprosjekt, den kulturelle skulesekken/Spaserstokken, kulturskule i Granvin og Stedskapingsskolen bidreg til å støtta opp om positive økonomiske, sosiale og miljømessige relasjoner mellom sentrumsområda og grondene våre. Det er starta opp eige prosjekt på grenzautvikling. (11a).

Biblioteka er arena for samfunnsdebatt (12.1)

Det er starta opp fleire prosjekt i næringsavdelinga med tanke på berekraftig forvaltning. Biogassprosjektet i samarbeid med IHM og Jordprosjektet i samarbeid med landbruksorganisasjonane. (12.2)

Fleire klimaprosjekt er igangsett i heradet for å redusere matsvinn<sup>1</sup>. Samarbeid med IHM.

<sup>1</sup> Oppfølging av vedteken energi- og klimaplan

Bevisstgjering på avfall og matsvinn i skulane og i ungdomsklubben (12.3 og 12.5)

Kommunen samarbeider med/støttar kulturlivet (Festivalar, museum, kulturminne/verdsarvområde) for å skape viktige produkt for reiselivet. Kommunen Heradet samarbeider med Destinasjon Voss om å bli eit "Berekraftig reisemål. (12b)

Vossavassdraget oppstraums Vangsvatnet, Øvstedalsvassdraget, samt Nærøydalsvassdraget, Granvinsvassdraget og Undredalselvi er varig verna mot kraftutbygging. Heradet har 11 naturreservat (Joberget, Granvindeltaet, Folkedal, Uranes, Kvanndal, Åkre og Vikane, Håmyrane, Lønaøyane, Rekvesøyane, Grånosmyrane og Fadnesskaret), to landskapsvernområde (Stølsheimen og Nærøyfjorden) og viktige område for villrein. Både villrein og Vossolaksen er særleg utsette artar me vil trygga på berekraftig sett. (12.2)

Alle former for utslepp, aktivitetar og utbygging langsmed kysten må vurderast særskilt. Arbeidet på fylkesnivå med vassregionar er viktige i dette arbeidet. (14.2).

Aktiv bruk av PBL og virkemidlar innan landbruksforvaltninga er viktig for å kunne sikre viktige leveområde for biologisk mangfald og spesielt trua artar i heradet. Utbygging og renovering av reinseanlegg og god kontroll med alle former for utslepp. (15.1, 15.2)

Arbeid er igangsatt for nokre svartlista plantar som kjempespringfrø. (15.8)

Frinsipp om økosystem og biologisk mangfader innarbeida som del av sjekklistar i lokale planleggings- og utviklingsprosessar (15.9).

Biblioteket er en arena for open samfunnsdebatt, folkeopplysning og demokrati. (17.14)



Oppvekstsektoren har vennskapsbyar i ulike land og Voss ungdomsskule er aktive i Foreningen Norden. Det er markering av internasjonalt arbeid i samband med FN-dagen, Unicefrunden, FN sin barnekonvensjon og ulike forskingsprosjekt. (17.16)

Oppvekstsektoren har samarbeid med Kirkens bymisjon, Røde kors og BTI. Det vert og

arbeida med andre frå både frivillig sektor og næringslivet, ma gjennom «ungt entreprenørskap». Kommunen samarbeider med kulturråd og Idrottsråd og kulturhuset samarbeider med lag, organisasjoner og kulturlivet. (17.17)

## Inkluderande Voss



Det er fokus på mental helse og livskvalitet i prosjekta «Zippy» og «Zero» i skular og barnehagar. Kommunen har eiga spesialsjukepleiar med psykiatrisk bakgrunn. Satsing på kultur gir god mental helse slår WHO fast. (*What is the evidence on the role of the arts in improving health and well-being? A scoping review (2019)*). Voss satsar faktisk på kultur. (stimulering av kulturlivet, strategi mot barnefattigdom, sikre at alle born og unge får delta i fritidsaktivitetar, ope kulturhus og bibliotek. Gjennom forvaltning etter PBL vil me i stor grad bidra til at dei fysiske omgjevnadane er tilrettelagt for gode opplevingar gjennom gode bustader/bumiljø, gode uterom og tilgang til felles friluftsområde der det innbyr til opphold, møte mellom folk og fysisk aktivitet. (3.4)

Helse og omsorgsavdelinga arbeider for å fremja mental helse og livskvalitet gjennom å skapa møteplassar for meiningsfull aktivitet og deltaking , etablera gode lågeskeltibod og å satsa på Kvardagsrehabilitering og kvardagsmeistring (3.4)

For å førebygga misbruk av stoff og alkohol er dette tema allereie i oppstartsamtalar i barnehagane. Tematikken inngår og i fleire fag på skulen og i samarbeidsprosjekt med andre organisasjoner. Kommunen driv eit aktivt bustadsosialt arbeid og har ulike innsatsar knytt opp til arbeid med born og unge i risikosona for utanforskning, ma gjennom samarbeid med Kirkens bymisjon (I jobb). Voss herad har eit aktivt barne- og ungdomsarbeid – utekontakt, ungdomsklubbar og ungdomsråd. Godt tverrfagleg samarbeid med politiet gjennom «bry deg» møter på ungdomstrinnet. Edruskapsvern og rusmiddelpolitisk handlingsplan. (3.5)

Voss herad bidreg aktivt bidra på plansida og er aktive t.d. i Vegvesenet si planlegging for å bidra til at omfanget av skadar og dødsfall grunna trafikkulukker vert redusert. Ny trafikksikringsplan i planperioden for dei kommunale vegane (3.6)

Voss herad skal ha ålmenn dekning av gode og trygge helsetenester, og tilby desse på rett nivå (3.8). Helse og omsorgsavdelinga har fokus på å ha oppdaterte tildelingskriterium, sakshandsaming i tenesta, nytte tillitsmodell ved tildeling av tenester, samanhengande tenester der mellom anna



heimetenesta gjev tenester på korttidsplass, set den einskilde sitt behov i sentrum , tenester vert tilpassa søkjær, ikkje omvendt, me samarbeidar med frivilligkeit-sentralen og det vert gjeve informasjon og opplæring til brukar og pårørande

Skulehelsetenesta tilbyr lett tilgjengelege helsetenester med fokus på å trygga dei som treng det og sikra at dei får dei tenestene dei har rett på. (3.8)

Kommunalavdeling oppvekst tilbyr tilpassa opplæring og ser samanhengen i læringsforløpet frå barnehage til vidaregåande skule. Det er gode planar for overgangar i utdanningsløpet. (4.1.)

Rett til barnehage vart innført nasjonalt i 2009. Barnehagane i Voss herad har fokus på å førebu borna fagleg og med tryggleik til overgang barnehage/ skule. (4.2)

Fagfornyinga har fokus på mangfold, respekt for ulikskap og menneskeverd. Fagfornying er sentral del av skulen sitt utviklingsarbeid med fokus på entreprenørskap, nyvinning, samarbeid og undring. Kultur i barne og ungdomsarbeidet skaper kreativitet. Bibliotek hjelper fjernstudentar, privatister og andre som studere på eigenhand. (4.4)

I rammeplan for barnehage ligg det føringar for å jobba med likskap/ ulikskap. Det er eit godt og etablert samarbeid mellom ergo/ fysioterapi og skular og barnehagar. Det vert og samarbeida med Kveik og Kirkens bymisjon. Særleg satsing er det innan integreringsområdet og «menn i helse» (4.5) Ulike tiltak i biblioteket (språkkafé, bokbuss, sommarles og lesekapp) bidreg til mål om at alle lærar å lesa, skriva og rekna. (4.6)

Det vert jobba aktivt med innføring av læreplan for ma å sikra at alle elevar tileignar seg kompetanse som fremjar berekraftig utvikling. (4.7)

Helse og omsorg jobbar ut i frå retningslinje om vald i nære relasjoner Oppvekstsektoren har fokus på §9a og gjennomfører ulike anti-mobbeprogram (som Draumeskulen) (51.) (5.2)

Pårørande sjåast på som ein ressurs. Me har tenester retta mot pårørande, eksempelvis: rådgiving, hukommelesteam og koordinerande funksjonar (5.4)

I eigarskapspolitikken til Voss herad står ma. at det skal sikrast kjønnsmessig balanse i dei kommunale selskapa sine styre. (5.5)

Helse og omsorgsavdelinga arbeidar for å skapa attraktive arbeidsplassar på tvers av status. Det vert satsa på bustadsosialt arbeid og auka bruk av frivillige for å auka mangfaldet. (10.2)

Barnehagane tilbyr inntektsredusert barnehage til familiar i låginntektsgrupper? (10.4)

RVTS – arbeid for å fanga opp born tidlegare og godt samarbeid med støttetenestene. (16.2).

Helse og omsorgsavdelinga arbeidar med å dreie tenestene våre frå reperasjon til førebygging. Ny prosjektavdeling vil i kvart byggjeprosjekt vurdera rammer rundt plassering i tillegg til sjølve bygget. (16.6)

Heradet involverer innbyggjarane i demokratiske prosessar og nyttar dei kommunale råda samt kulturråd og idrettsråd til å styrka mål om at politiske avgjersler vert gjennomført på ein open og inkluderande måte. Me har faste brukarråd i institusjonane. Gjennom alle prosessar vil me ha ein open dialog med innbyggjarane og medverknad utover lovfesta rett i PBL. (16.7)



### Innovative Voss



Arbeid med nye energiformer i bygg, utskifting av bilparken er viktige tiltak.(7.2)

Voss herad som eigar av Voss Energi AS bidreg til det grøne skiftet blba (7a)

Eigarskapspolitikken i Voss herad set som krav at selskapa våre skal innarbeida relevante berekraftsmål i eigne mål og strategiar. (7a)

Alt vårt arbeid med infrastruktur frå plan til utbygging har fokus på berekraft og høg kvalitet.(9.1)

Flaumsikring er eit tema, frå sikring av Vangen til sikring av små bekkeinntak og separering av drengsvatn og kloakk. All bygging må forhalda seg til flaumgrense med klimapåslag ras og skredfare. Beredskapsplanar er utarbeidd. (13.1, 13.2, 13.3)

Kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og er ei føresetnad for ytringsfridom og demokrati (Kulturens kraft). Biblioteket arrangerer «klimaveke» og har eige Bærekraftsbibliotek – bokliste med aktiviteter knytt til alle 17 bærekraftsmåla. (13.3)